

2008

Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtatt av Sirdal sokneråd 11. mars

F-sak 009/2009

1. Organisasjon

A. Soknerådet si verksemd

Samansetning

Aud Ingrid Løland Fidjeland – leiar, Ola Lindeland – nestleiar, Tone Marit Bjørnstad, Margrethe Handeland, Inger Johanne Ousdal og Solbjørg Tjørhom.

Egil Netland - kommunal representant, Sigurd Flydal - geistleg representant

Per Øyvind Grimsby – 1. vara, Johannes Hompland – 2. vara

Saker

Soknerådet har i 2008 hatt 7 møte og behandla 61 saker. Møta har vore på Tonstadli, Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje, Lunde kyrkje, Kvævemoen kapell, Kyrkjesenteret og Sirdal Høyfjellshotell. 25 saker har vore soknerådssaker og 36 har vore fellesrådssaker. Etter kvart har ein fått ein grei fordeling mellom dei ulike sakene.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med kan nemnast gudstenestereform, demokratireform og logo for soknerådet. Ein har arbeidd vidare for å gjere alle kyrkjene tilgjengelege for handikappa og få handikaptaolett ved Tonstad kyrkje.

Soknerådet har oppnemnd følgjande underutval og arbeidsgrupper:

Kyrkjeleg administrasjonsutval

Aud Ingrid Fidjeland

Ola Lindeland

Margrethe Handeland

Per Sverre Kvinlaug, arbeidstakarrepresentant (KFO)

Hanne Fodstad, arbeidstakarrepresentant (MFO)

Forhandlingsutval:

Solbjørg Tjørhom

Per Øistein Rogstad (dagleg leiar)

Gudstenesteutval

Arnhild Bjørndal

Anne Turid Solberg Garnica

Inger Johanne Ousdal

Gunnlaug Seland

Johannes Hompland

Sigurd Flydal

Hanne Fodstad

Undervisnings- og konfirmantutval

Trine R. Ousdal

Ester Tjørhom

Torill Tjørhom

Laila Øksendal

Per Sverre Kvinlaug

Diakoniutval Øvre Sirdal

Aud Ingrid Fidjeland

Karen Kristine Sinnes

Anna Kvæven

Asta Lunde

Diakoniutval Tonstad

Tone Marit Bjørnstad

Kent Seland

Laila Øksendal

KN- komité

Anders Berg

Steinar Tjømli

Per Sverre Kvinlaug

Syskenringen(repr. frå kyrkjelyden)

Ola Lindeland

Sigurd Flydal

Per Sverre Kvinlaug

B. Tilsette

Ester Tjørhom

Wei Xiao

Karl Edvald Fjeldsaa

Målfrid Kvæven

Tone Marit Bjørnstad

Birgitte Kvinlaug

Arne Skregeli

Hanne Fodstad

Per Sverre Kvinlaug

Per Øistein Rogstad

Birgitte Kvinlaug

Gretha Hompland

Sigurd Flydal

Kyrkjetenar i Kvævemoen kapell

Reinhaldar i Kvævemoen kapell

Kyrkjetenar/reinhaldar i Lunde kyrkje

Reinhaldar i Lunde kyrkje

Kyrkjetenar i Tonstad kyrkje (overtok reinhaldet frå 01.09)

Reinhaldar i Tonstad kyrkje (slutta 31.08)

Kyrkjetenar/reinhaldar i Haughom kapell

Organist (100%, arbeidsstad alle kyrkjer)

Kyrkjelydsarbeidar

dagleg leiar for fellesrådet

Reinhaldar på Kyrkjesenteret (slutta 31.08)

Reinhaldar på Kyrkjesenteret (slutta 01.09)

Sokneprest (tilsatt av bispedømmerådet)

2. Statistikk for kyrkjelydsarbeidet

Statistikk	2006	2007	2008
Gudstenester o.l.	76	76	79
Deltakarar	5295	5179	5656
Snitt pr gudsteneste	69,7	68,1	71,6
Dåp	21	17	16
Konfirmantar	17	13	16
Vigslar	4	5	7
Gravferdar	18	27	21

3. Rekneskap

	2007	2008
Driftstilskot, kommune	2204000	2280000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000
Momskompensasjon	193980	145031
Investeringsstilskot, kommune	0	0
Tilskot frå staten	79000	43000
Avsetting til benkeputer i Lunde og andre tiltak		75000
Årets overskott/underskot:	-22000	94611

Diposisjonsfond

Rest konto Øvre Sirdal	35098	35098
Rest konto Tonstad	26816	26816
Avsett til salmebøker	30000	30000
Handikapinggang, kyrkjene	13045	13045
Avsetting til benkeputer i Lunde og andre tiltak		75000
Disposisjonsfond pr 31.12:	279536	367136
Sum disposisjonsfond	406495	554106
Ofringar til andre organisasjonar	142100	162749
Innsamling til Fasteaksjonen	46478	49820
Offer til kyrkjelydsarbeidet	20548	26270
Kollekter ved konsertar	15161	21553
Ofringar ved gravferd	12161	25890

4. Verksemda – administrasjon, bygg og anlegg

A. Kyrkjene

Mål for 2008:

- Få på plass handikapptilgang til Haughom kapell
- Utarbeide kostnadsoverslag for handikapptilgang til Kvævemoen og Lunde
- Male vinduskarmene i Tonstad kyrkje innvendig
- Puter til Lunde kyrkje
- Utarbeide konkrete planar med kostnadsoverslag for Kyrkjestova
- Deksel for varmeomnane i Lunde og Tonstad kyrkjer

Då kommunestyret vedtok endeleg løyve til soknerådet, var det diverre ikkje rom for å sette i gong med opparbeiding av handikapptilgang ved Haughom kapell. Prosjektet blei difor sett ut til 2009. Soknerådet fullførte arbeide med kostnadsoverslag og godkjenning for handikapptilgang i Haughom og Lunde, og opprusting av Kyrkjestova på Tonstad. Prosjekta er framleis tilhandsaming hos Agder og Telemark biskop.

I Tonstad kyrkje blei måling av karmar rundt vindauga fullført av Tom Johansen. Eit par vindaug var knust og desse blei reparert hos Rafoss glasservice i Kvinesdal

Puter til benkene i Lunde kyrkje blei godkjent og bestilt i løpet av 2008, men det var ikkje mogleg å få dei levert i løpet av 2008. Desse ventast å kome i 1. kvartal 2009.

Prosesjonskross blei kjøpt inn til Kvævemoen kapell.

Ved gravferda til Ingebjørg Tjørhom blei det gitt kr 13000 til Lunde kyrkje. Desse pengane har blitt brukt til prosesjonskross og lysglobe til Lunde kyrkje. Soknerådet er takksame for denne flotte gåva.

Som eit ledd i å auke tryggleiken i kyrkjene, fekk vi pristilbod på deksel på røyromnane under benkene i Lunde og Tonstad kyrkjer. Lindesnes blick gav det beste tilbodet, og monterte deksla i løpet av sommaren 2008.

B. Kyrkjegardane

Mål 2008-2011:

- At kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Kyrkjegardane er stadig i utvikling. I 2007 fekk vi kompostering ved kyrkjegardane, framleis er det ein jobb å få folk til å bruke desse dunkane. Ein må sjå om ein finn ei betre plassering av komposten på Lunde kyrkjegard.

Gravstell

Arvid Træland steller gravene ved Skeihaugen og Haughom kyrkjegard. Mai Bente Bjordal steller gravene ved Lunde kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 14 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og 1 på Haughom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på at eit dødsbo eller at dei pårørande betalar inn ein sum som står disponibel for gravstell. Frå 2003 fekk vi nokre som ønskte å betale inn gravstellet år for år.

C. Kyrkjesenteret

Mål 2008-2011:

- Vurdere alternative løysingar til møterommet på Kyrkjesenteret.

Husvære i 2. etasje er for tida utleigd. Etter at det blei gjort eit omfattande rehabiliteringsarbeid av kontora 2007, har 2008 vore eit kvileår. Tom Johansen er engasjert til å skifte vindauge i garasjebygget, noko som er særskilt viktig. Den store blodbøka i hagen, blei senka i 2007. Den ser ut til å ha tålt dette bra. Som eit alternativ til møterommet på Kyrkjesenteret, er planlegginga av Kyrkjestova i god gjenge. Søknad er sendt til Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd er sendt.

D. Personale

Frå 1. januar 2008 tok Tone Marit Bjørnstad til som kyrkjetenar i Tonstad kyrkje. Då Birgitte Kvinlaug sa opp stillinga som reinhaldar i Tonstad kyrkje og Kyrkjesenteret, overtok Tone Marit også reinhaldsarbeidet i kyrkje. Gretha Hompland begynte som reinhaldar ved Kyrkjesenteret. Takk til Anders Berg og Lars Audun Fodstad, som var villige og vikarierte som kyrkjetenarar på dugnad også i 2008. Ingrid Berg, Lena Gallatin, Arne Bjørn Hetland, Reidar Mæstad, Oddbjørn Stakkeland og Kristin Valle, har alle vikariert som organistar.

Frå 1. august har Tove Lindefjell Helle vikariert noko for kyrkjelydsarbeidar. Ho har nokre oppgåver ved kontoret elles har det særleg vore konfirmantane ho har hatt med å gjere, mellom anna organisering av konfirmantarbeidet, litt undervisning og så var ho med på konfirmantleiren. Kyrkjelydsarbeidaren er for tida varaordførar i Kvinesdal.

5. Verksemda - kyrkjelyd

A. Gudstenesteliv

Mål 2008-2011:

- At gudstenestene kan involvere og engasjerer nye grupper i kyrkjelyden.

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som arbeidar for å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2008 vore arrangert mellom anna:

Allsangkveld og årsmøte i Lunde kyrkje 10. februar

Friluftsgudsteneste på Kvinnen Langfredag 21. mars og Olsok (27. juli)

Gudsteneste på Feed skiarena 1. mai, kristi himmelfartsdag

Friluftsgudsteneste ved Tjørhom helsehus 12. mai, 2. pinsedag

Fellesgudsteneste med Valle og Bykle på Roskrepp kraftstasjon 24. august

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkene. Det har vore vekslende frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod. I år blei det diverre ingen slike turar.

Vi hadde to turar med i Naturlosbrosjyra dette året. Det var Olsokgudstenesta på Kvinnen og tur i samband med gudstenesta på Tjørhom helsehus 2. pinsedag.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Torbjørn Hestnes som til dagleg er sokneprest i Stokka kyrkjelyd i Stavanger, var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for friluftsgudsteneste på Kvinnen turiststasjon på langfredag og gudstenester i Lunde og Kvævemoen. Familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan har blitt eit populært tilbod for mange turistar over 100 var til stades i 2008. Også andakten på Josdal og i Ålsheia er godt innarbeid. Tore Haughom er ein trufast andaktsholdar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia.

B. Kyrkjemusikk

Mål 2008-2011:

- At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet

Hanne Fodstad gjer eit viktig arbeid med Sirdal Blandakor og Tonstad Barnekor. 25 var med i blandakoret i haust og barneket samlar 23 songarar. I løpet av året hadde Sirdal Blandakor mellom anna desse prosjekta: Seminar og konsert med Rutter-program, vårsongkveld på Tjørhom grendehus og "Håp i dur og moll" gospel/klassisk konsert med Ann Mari Alexis og Oddbjørn Stakkeland. Tonstad Barnekor deltok også i år på Barnegospelfestivalen i regi av NMS, som i år var på Moi. Kristin Valle Printz er dirigent for Cantarellene med 13 jenter. Ei helg i november var jentene på tur til Flekkefjord.

Per Sverre Kvinlaug samlar ein flott ungdomsflokk i ungdomskoret. Koret har for tida om lag 20 medlemmar.

Saman med ungdomskoret Kefas, hadde dei øvingshelg på Audnastrand i april. I samarbeid med Oslo-gruppa Collett Aalls hadde dei konsert 28. november.

I Øvre Sirdal kom det til ei spennande nyvinning i barnearbeidet. Barneket Sing Bell og sundagsskulen har gått saman om å arrangere storsamlingar i kjellaren i Kvævemoen kapell ca ein gong i månaden. På desse samlingane er både kor og sundagsskuleopplegget Sprell levande viktige ingrediensar. Oppslutning har vore litt varierende om desse samlingane, med om lag 10 ungar. I tillegg har Hanne Fodstad samla sju jenter frå 5.-8. klasse ved Sinnes skule til ei korgruppe som har fått namnet Korallene. Jentene var med Cantarellene på turen til Flekkefjord.

Ein populær nyskiping i år var adventssamling og julegrantenning på Kvæven. Det var eit samarbeid med Sirdal Fjellmuseum, kulturskulen og soknerådet. Korallene, Cantarellene og Sing Bell la si juleavslutning til kapellet denne dagen.

2. februar konsert med Rutter-program av Sirdal Blandakor

12. mars Easter suite med L.E.G. trio i Tonstad kyrkje

24. april Vårsongkveld på Tjørhom grendehus med Sirdal Blandakor

26. mai konsert i Kulturhuset med Sing Bell, Tonstad Barnekor og Cantarellene

29. mai framførte Sirdal Blandakor og Ann Mari Alexis og Oddbjørn Stakkeland "Håp i dur og moll" i Tonstad kyrkje.

16. juli Orgelkonsert med Ghislain Gourvennec i Tonstad kyrkje

12. august hadde Kristin Valle Sven Erik Printz Moe konsert i Tonstad kyrkje

21. august hadde Sirdal Blandakor konsert i saman med det estiske kammerket: Kapa-Kohila i kulturhuset

6. september framførte Sirdal Blandakor og Ann Mari Alexis og Oddbjørn Stakkeland "Håp i dur og moll" i Kvævemoen kapell under Sirdalsdagane.

26. september konsert med Arne Stakkeland, Lars Colding Wolf og Volker Spiekermann

5. november song Tonstad Barnekor på Sirdalsheimen

21. november konsert med Elias Akselsen i Tonstad kyrkje

28. november Konsert med Collett Aalls og Sirdal Ungdomskor

30. november var det tradisjonsrik adventssamling i Tonstad kyrkje med kor og korps.

6. desember konsert med Runesdotter i Kvævemoen kapell

9. desember Adventssamling i Kvævemoen kapell med Sing Bell, Korallene og Cantarellene og elevar frå Kulturskulen.

17. desember song Tonstad Barnekor på Sirdalsheimen

21. desember song Sirdal Blandakor jula inn i Tonstad kyrkje med polske julesongar.

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette område. Speidarane og KRIK har ikkje vore aktive i år. KRIK arrangerte yngres-KRIK og KRIK-kveldar for Øvre Sirdal ungdomsklubb. Skulelaget har lag både på ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Øvre Sirdal ungdomsklubb samlar ein fin gjeng. Storsamlingar for barn frå 4 -13 år i Kvævemoen kapell, er eit samarbeid mellom barneket Sing Bell og sundagsskulen på Tjørhom.

Eit nytt og spennande tiltak var myldregudsteneste for dei aller minste. Dette er ein ide henta frå Kvinesdal.

I løpet av året blei det forhandla fram ein ny avtale med Tonstad skule. Den vitnar om at det er eit godt samarbeidsklima.

D. Diakoni og misjon

Mål 2008-2011:

- At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.
- Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane

Misjon

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeidar blant afrikanske studentar samt innvandrarak med ulike

bakgrunn. Dette er eit særst viktig arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnen. Påska 2007 reiste Sirdal ungdomskor til Paris, der dei mellom anna besøkte Håpets senter. Turen var eit samarbeid med Kvinlog ungdomskor og ungdomskoret Kefas frå Kvinesdal.

Øvre Sirdal støtta eit "Senter for yrkesopplæring i Sheki i Aserbajdsjan der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Senteret har som mål å gje foreldreause barn, flyktningar og under privilegerte barn best mogleg kunnskap og opplæring. Soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.

Diakoni og eldrearbeid

Diakoniutvala valde å leggje årets eldrefest til Vårsongkvelden på Tjørhom grendehus. Det blei eit vellukka arrangement i lag med Sirdal Blandakor. Diakoniutvala har delt ut songbaka Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubilantane fekk ein bordkalendar eller blomar.

Vi inviterte dei som blei konfirmert for 50 år sidan til gudsteneste i Tonstad kyrkje 31. august. Etter på var det middag på Sirdal høvfjellshotell og omvising på Sirdal Fjellmuseum.

Laurdag 31. mai var ei gruppe frå Flekkefjord med å arrangere ei Tro og lys gudsteneste i Tonstad kyrkje. Fleire frå Tonstad har også vore med ved nokre av arrangementa i Flekkefjord. Tro og lys er ei verdsomspennande og økumenisk organisasjon som ønskjer å gje eit tilrettelagt gudstenestetilbod til menneske med særskilte behov

Open kyrkje og andre tiltak for turistar og tilreisande

Det blei ikkje arrangert vegkyrkje eller open kyrkje dette. I samarbeid med fjellmuseet var det likevel mogleg å besøke Kvævemoen kapell denne sommaren også. Fleire nytta seg av tilbodet.

Under Sirdalsdagane var det kafe i kapellkjellaren. NMS si misjonsforeining på Tonstad og Aserbajdsjanforeininga i Øvre Sirdal, var ansvarlege. Dei selde også lodd til basar og viste ein presentasjon av misjonsprosjekta. Dette er noko som kan vidareutviklast. Torbjørn Hestnes var påskeprest med base på Kvævemoen. Han hadde fire gudstenester i løpet av påskehelgtida, Lunde, Kvævemoen og Kvinen.

Friluftsandaktane er eit viktig del av kyrkja sitt tilbod til turistane i påsketida. I år var det andaktar på Marestøl og Rubestøl på Øksendalsheia, i Josdal hyttegrend, i Ålsheia skisenter og familiesamling på Sirdal Fjellmuseum.

Grøn kyrkjelyd

I 2007 valte soknerådet å bli grøn kyrkjelyd. Det forpliktar oss til å vere medvitne om korleis dette skal syne igjen.

Førebels er det tre område som vi har synleggjort det på:

1. Utplassering av kompostdunkar på kyrkjegardane.
2. Reinhald utan bruk av kjemikalier
3. Ta i bruk "Rettferdig kaffi" og andre fairtradeprodukt ved arrangement.

I 2009 bør soknerådet arbeide vidare med kva konsekvensar det bør ha for oss å vere ein grøn kyrkjelyd.

-

E. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen som har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. Per Sverre Kvinlaug brukar ein del av stillinga si i dette arbeidet.

Konfirmant- og undervisningsutvalet arrangerte ei tverrkyrkjeleg inspirasjonssamling for barne- og ungdomsarbeidet på Tonstadli. Syskenringen hadde fellesskapskveld i Baptistkyrkja 19. oktober med Lennart Larsson. 21. november var det felleskyrkjeleg konsert med Elias Akselsen i Tonstad kyrkje.

For første gong var 2. påskedagsgudstenesta på Haughom felleskristeleg. Adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntening på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristeleg arrangement.

F. Informasjonsarbeid

Mål for perioden 2008-2011:

- Vidareutvikle nettstad og Kyrkjesida i Sirdølen

Dette er eit prioritert område. Både dagleg leiari og kyrkjelydsarbeidar brukar tid til dette arbeidet. Vi meiner framleis at det er teneleg å ha Kyrkjesida i Sirdølen. Den er ein viktig informasjonskanal. Nettstaden er godt besøkt. Sidan omlegginga i september 2004 har vi hatt meir enn 1,5 mill. treff. Gjennom den når vi ut til ulike grupper. Avisen Agder er stadig innom og hentar notisar til avisa. Ein viktig informasjonskanal er sms-varsling. Dette er mykje nytta i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men kan også med hell nyttast mot vaksne.

6. Framtidsutsikter

I arbeidet med budsjett 2008 og økonomiplan 2009-2012 formulert soknerådet desse måla:

D. Mål for 2009-2012

- Tilrettelegge alle kyrkjene for funksjonshemma
- Ruste opp kyrkjestova ved Tonstad kyrkje, og få handikaptalett og tilgang til bygget.
- Kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.
- Vidareutvikle organisasjonen etter at dei to gamle sokna blei slått saman til Sirdal sokn 01.01.2006
- At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring.
- At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet
- At gudsteneste kan involvere og engasjere nye grupper i kyrkjelyden

E. Prioriteringar 2009

- Handikaptilgang til Haughom kapell
- Handikaptilgang til Lunde kyrkje
- Måle Tonstad kyrkje